

# Sak til Årsmøte i Fagforbundets Sogndal Avd. 547

## Forlag til nye satsar for honorar i Fagforbundet Sogndal Avd. 547

Fagforbundet Sogndal har blitt ein stor Fagforeining på nærmare 850 medlemmer. Det krevst tidvis mykje arbeidsinnsats av enkelte i styret for å følgje opp ansvarsområdet sitt på ein tilfredsstillande og god måte. Arbeidsmengda på leiar, kasserar og FANE II ansvarleg har auka dei siste åra etter samanslåinga av fylka og dei honorarsatsane me nytta i dag, ligg svært lågt samanlikna med andre fagforeiningar i Vestland fylke.

Styret foreslår difor å justere opp dei ulike honorarsatsane for i større grad reflektera arbeidsmengda som ligg knytt til verva. Samanlikna med andre fagforeiningar er forslaget til nye satsar fortsett moderate. Fagforbundet Vestland har til dømes i e-post til styret 3. januar 2022 anbefalt eit frikjøp av leiar på 20 %, men fagforeningsstyret i Sogndal vel å foreslå eit honorar tilsvarande 10 % frikjøp.

Av omsyn til arbeidsmengde, ansvarsoppgåver, kontinuitet i verva og anbefaling frå Fagforbundet Vestland, foreslår styret i Fagforbundet Sogndal følgande nye satsar for styrehonorar:

### Lønn / Honorar

Leiar:	54 000 kr = 10 % frikjøp/honorar
Nestleiar:	10 000 kr
Kasserar:	10 000 kr
Fane II ansvarleg:	10 000 kr
Sekretær:	7 000 kr
Opplæringsansvarleg:	7 000 kr
Seksjonsleiar:	500 kr per møte
Vara seksjonsleiar:	500 kr per møte
HTV:	500 kr per møte
Styremedlem:	500 kr per møte

Denne saka blei behandla i styremøte 01. Februar, Sak 08/22

Mvh

Styret i Fagforbundet Sogndal